

Referat Vår møte Hopp- og kombinert, Skei 25.05.2019

Til stades:, Jan Inge Årdal (HKK/ Jølster IL), Jon Ove Lomheim (HKK/ Hafslo IL),
Lars Kveen (HKK/ Stryn T&IL), Kari Gjelsvik (Jølster IL), Vidar Stavik (Veten IL/ Markane IL)
Leiar anlegg Halvard Nygård var til stades under sak 4.
Krinsekretær delvis stades under sakene.
Atle Rolstadaas til stades i sak 2.

Forfall: Henning Sæthre (HKK/ Sogndal IL), Lars Brekke (HKK/ Vik IL) – på årsmøte i NSDL.

Sak 1) Samlingar/ terminliste 2019-2020

Framlegg til aktivitetsplan for sommar/haust vart gjennomgått og retningsgjevande for aktivitet i 2019. Plan supplerast når datoar blir klarlagt.

HKK legg same mal for terminliste vinter 2019/2020 som sist vinter, men ikkje krinsrenn i Førde/Gaular.

Sak 2) Rekrutteringsarbeid i klubb v/ Atle Rolstadaas

- Basis er utlån av utstyr og mindre bakkar nær der ungar elles bur og samslast.
- Heilårsanlegg i sentrum. Flest mogleg kommunesenter i Sogn og Fjordane bør i heilårsanlegg opptil K10-K20.
- Drøfting av fleire idear elles for å få aktivitet.

Sak 3) Økonomi.

- Rekneskap 2017-2018 og budsjett 2019-20-21 blir teke til orientering.
- Komiteen ser nærare på disponering (fordeling) og prioritering budsjett.
- Framlegg (e-post 24.05.2019) til generell dekning av reise og aktivitet vart drøfta og vedteke utan endring. Komiteen avklarar nærare kva aktivitetar som skal dekkast, til kven og kor mykje før prioritert aktivitet.

Sak 4) Anlegg

Stryn (Bjørkelibakkane):

- Tilfredstillande med K15 og K40.
Må prioritera oppgradering K70 med ny heis (helst kombinerast med K15) og plastlegging for heilårsanlegg, minimum tilfredstillande vinterspor).
Skikrinsen meiner dette bør prioriterast framfor oppgradering av K90.
Skikrinsen tek initiativ til møte med Veten il.



NORGES
SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vik:

- Anlegget manglar prepareringsutstyr for at anlegget skal kome i drift igjen (gjeld spesielt K25, K40 og K60). Vik treng hjelp av skikrinsen til å få på plass eigna prepareringsutstyr.

Hafslo:

- Hoppmiljøet er avhengig av at planlagte bakkar (K10-K19-K45) i reguleringsplan ved Sogn skisenteret blir realistisk.

Rekrutteringsbakkar generelt:

- Prioritera heilårsanlegg K5-K10-K20 i sentrumsområde ved sjøen i fleire tettstader
- Når det nye hoppmiljøet er etablert så kan ein starte planar med større anlegg
- Gode eksempel: Stryn sentrum, Hafstadparken Førde (dette vidareførast tilsvarande i andre kommunesenter)

Referent: Jon Ove